



# Årsmøte i Bømlo Teater 7. mars 2014

Urangsvåg

# Innkalling

---



☞ På [www.bomloteater.no](http://www.bomloteater.no)

☞ [Annonse i Bømlo Nytt](#) tysdag 04.03.14

☞ E-post og facebook

Forslag til vedtak:

Innkallinga til årsmøtet vert godkjent



# Val av møteleiar og referent

---



☞ Møteleiar: Linda Hellen

☞ Referent: Brynjar Stautland

# Dagsorden

---

- ☞ Val av møteleiar og referent
- ☞ Godkjenning av dagsorden
- ☞ Årsmelding og rekneskap 2013
- ☞ Budsjett 2014
- ☞ Medlemsskap – forslag til vedtektsendring
- ☞ Årsplan og arbeidsprogram 2014-2017
- ☞ Val
- ☞ Ev



Forslag til vedtak:

Årsmøte godkjenner styret sitt forslag til dagsorden



# Årsmelding




## I driftsåret 2013 har Bømlo Teater sin aktivitet vore konsentrert om:

Bømlo Teater vart stifta 01.02.2011 og styret har enno fokus på at me er ein ung organisasjon, der styret også i år har hatt fokus på organisering og bygging av felles kultur i organisasjonen. 2013 har me i hovudsak brukt på planlegging og gjennomføring av produksjonane: forprosjekt og intern visning Lakselinja, Mostraspelet, konsert i jubileumshelga Bømlo2013 og Julehuset. I tillegg har me sjølv sagt brukt mykje tid på planlegging av 2014 produksjonane West Side Story og Storm frå Nordvest. Det er og gjennomført mindre eventar, inkludert Julegateopning. Det er halde 13 styremøter dette driftsåret sidan sist årsmøte

Drift: Styret fornya avtalen med Brynjar Stautland i 50% stilling som dagleg leiar, Kjell Arne Røksund i 30% stilling som økonomiansvarleg, der og vaktmeister i Sagatun ligg i instruks. Vaktmeisterfunksjonen i Urangsvåg på 10 % har styret valgt å vidareføre.

# Årsmelding

---



## **Lakselinja – eit prøveprosjekt:**

I april 2013 vart det halde ei intern visning som resultat av prøveprosjektet Lakselinja. Dette vart drive av Nina Sele og medlemmer i teateret. Konklusjon var at prosjektet skulle vidareutviklast og fyrst ved at Nina Sele fekk oppdraget til å skrive manus. Dette er levert og me satsar på oppsetjing i 2015. Me fekk kr 200 000,- i KUP midlar frå Hordaland Fylkeskommune for 2013-2015.

## **Mostraspelet 2013:**


Publikumstal: skuleframsyning 1160 premiere laurdag 839 søndag 589

Tilsaman 2605 publikum ( 2 034 / 2012 og 2 614 / 2011)

Regissør Karina Opdal. Trond Husebø var musikalsk leiar.

# Årsmelding

---



## **Bømlo 2013:**

Bømlo Teater var produsent for jubileumskonserten til 50 års jubileet. Publikumstalet ca 900 personar.

Bømlo Teater leverte produksjonen til Bømlo kommune for om lag 70 000,- under budsjett.

Historisk foredrag Svein Tindberg i Moster Gml Kyrkje. Dette var ein stor suksess i ei fullsett kyrkje ( ca 100 personar)

Litle Torolv: Samarbeidsprosjekt mellom Bømlo Teater og Bømlo kulturskule. Spelet vart oppført I miniamfiet og nykomponert overture av Hans Olav Molde bidrog til å løfte spelet enno eit hakk. Publikum: ca 450



# Årsmelding



---

## **Bømlo Teater – 40 års jubileum :**

I oktober opne Bømlo Teater, i samarbeid med Bømlo Kunstlag, fotoutstillinga med Liv Åshild Tvedten sine bilder frå hennar tid i teateret.

Jubileumsfest på Bømlo Hotell i november. Det var 107 av teateret sine medlemmar tilstades, og ein fekk helsingar frå ordførar og fleire av teateret sine medlemmer gav gode skildringar om "Mitt teater er..". Her vart Johan Kr Nesse utnemnt til æresmedlem nummer tre, saman med tidlegare utnemnte Marta Mellesdal og Ragnhild Randal. Teateret overleverte maleri av Mike Mc Gurk i gåve knytt til æresmedlemskapet

## **Julehuset:**

Til saman om lag 837 publikum i Bømlo kulturhus (654 I 2012). Julehuset samla også omlag 180 i Langevåg Bygdetun. Dette er framsyning etter avtale med hovudsponsor Eidesvik. Julehuset har i sitt 16. år framleis nye generasjonar barn som kjem til kulturhuset for å få julestemning ei helg i desember! Nytt av året var ei dansegruppe med barn 4-7 år og Hilde H Andersen hadde koreografi på Julehuset. Dette var ein suksess, og me såg i år ei markant auke i publikumstalet.



# Årsmelding



Bømlo Teater er ein ny organisasjon med eit breitt og mangfaldig mandat som har lagt bak seg tre driftsår. Styret har, og vil framleis ha, fokus på å byggje ein robust organisasjon med samla profil. Sponsorsamarbeid og søknad om offentlege midlar har vore viktig for å styrke Bømlo Teater i 2013, særleg mot WSS 2014. Det kjem klart fram i 2013 rekneskapen.

Dette fokuset vil me halde på og i åra som kjem. Samanliknar me oss med til dømes Haugesund Teater har Bømlo Teater i 2014 tre gongar så høge billettinntekter i budsjett, men 1/14 del så store offentlege tilskot. Me vil bruke våren på å sjå på kapasitet og driftsform i teateret. Kontraktane til tilsette går ut august 2014, og vil verta revurderte av det nye styret.

Bømlo Teater blir drive av ein dagleg leiar i 50% stilling, ein økonomisjef i 30%, og med unntak av innleigde profesjonelle aktørar, resten på dugnad! Me er eit teater med store ambisjonar, og skal me oppretthalda status og sikre mangfaldig drift, må me tenkje oss ein noko større dagleg drift enn i dag.

Årsmøte 2013 vert halde 7. mars 2014, og avsluttar dette rapporteringsåret.

Forslag til vedtak : Årsmøte godkjenner styret sitt forslag til årsmelding 2013

# Gjeldande vedtekter § 2

---



## § 2 Medlemskap

- ☞ Dei som aktivt deltek i ein av Bømlo Teater sine produksjonar er å rekna som medlemmer.
- ☞ Dersom ein aktør ikkje har vore aktiv på tre år, fell medlemskapet automatisk bort.
- ☞ Styret kan i særskilde høve utestengja personar frå medlemskap for skuld illojal aktivitet. Medlemskap krev ikkje kontingent.



# Forslag til ny § 2

## § 2 Medlemskap

---



- Dei som aktivt ber om medlemskap i Bømlo Teater, munnleg eller skriftleg, er å rekna som medlemmer frå det tidspunktet dei er førte inn i medlemsregisteret.
- Medlemsregisteret kan oppdaterast av styret. Den som då på spørsmål ikkje samtykker til å vera medlem eller ikkje er mogeleg å kontakta over tid, vert strøken frå medlemslista.
- Medlemskap krev ikkje kontingent.
- Manglande medlemskap i Bømlo Teater skal ikkje vera til hinder for å delta på enkeltproduksjonar i regi av teateret.
- Styret kan i særskilde høve utestengja personar frå medlemskap ved illojal aktivitet eller åtferd som ikkje er foreinleg med kjerneverdiane teateret står for.
- Forslag til vedtak : Årsmøte godkjenner styret sitt forslag til vedtektsending

# Rettleiande Arbeidsprogram 2014-2017

2013	2014	2015	2016	2017
<b>Teater – nyare dramatik</b> April – internvisning på ” Laksafolkjet”	<b>Storm frå nordvest</b> Musikal av Ragnar Hovland basert på J. Sandes liv og dikting, kulturhuset	<b>Teater –</b> ”Laksafolkjet” Mars – Bømlo kulturhus	<b>Mostraspelet 2</b> Planlegging og øving	
<b>Mostraspelet</b> Mai – Moster amfi	<b>Musikal</b> August – West Side Story	<b>Mostraspelet</b> Mai – Moster amfi	<b>Mostraspelet 2</b> Urframføring ny Mai – Moster amfi	<i>Mostraspelet 2</i>
		<b>Sverdet og Krossen</b> Mai - Mostrafestivalen		
		<b>Danseframsyning</b> Okt/nov –Bømlo Kulturhus	<b>Teater – komedie</b> November-Bømlo Kulturhus	<b>Musikal</b> August – Moster amfi
<b>Julehuset</b> Desember – Bømlo kulturhus/Langevåg bygdatun	<b>Julehuset</b> Desember – Bømlo kulturhus/Langevåg bygdatun	<b>Juleframsyning</b> Desember – Bømlo kulturhus/Langevåg bygdatun	<b>Juleframsyning</b> Desember – Bømlo kulturhus/Langevåg bygdatun	<b>Juleframsyning</b> Desember – Bømlo kulturhus/Langevåg bygdatun



# Val 2014

## - Styret

---

Linda Hellen	på val	Tek gjenval
Runa Våge Krukhaug	ikkje på val	
Sigurd Lars Haldorsen	ikkje på val	
Frode Larsen	ikkje på val	
Cathrine N Aakre	på val	Tek gjenval
Marianne Eidesvik	på val	Inge Reidar Kallevåg NY
Marianne Grønnevik vara	på val	Tek gjenval
Rannveig Steinsbø vara	på val	Sigbjørn Næsse NY

Forlag til vedtak : Årsmøtet godkjenner valnemnda sitt val av styret 2014



# Val 2014

- Valnemnd
- 



2014

Marianne Pleym

Vanja Espeland

Frank Schmidt

2015

Jan Harald Larsen NY

Vanja Espeland GJENVAL

Steinar Halleraker NY

Forlag til vedtak : Årsmøtet godkjenner valnemnda sitt val av valnemnd 2015



# Val 2014

- Intern revisor

---



John Olav Habbestad - tek gjenval

Asgeir Totland - tek gjenval

Forlag til vedtak : Årsmøtet godkjenner valnemnda sitt val av revisorar 2015